



Sigvartsen Design AS
Nordtvetveien 21
0953 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4159 - 16/19692

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
08.07.2016

Utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 227/40 m.fl. Molvik

Administrativt vedtak. Saknr: 358/16

Tiltakshavar: Kristin og Øyvind Eikefet
Ansvarleg søker: Sigvartsen Design AS
Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gbnr. 227/40 m.fl. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg før det vert ført vidare til bekk. Storleiken til utsleppet er opplyst til 15 pe og er dimensjonert for framtidig tilknytning for gbnr. 227/39.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.12.15.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område som i planbetemmelsane er avsett til hyttebebyggelse. Det er søkt om oppføring av fritidsbustad med dispensasjon på tomta i eigen søknad.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 09.12.15, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinseløysing



Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen BioDisc, type BC1. Utslepp etter rensing går til eksisterende bekk.

Nabovarsel

Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje komen merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gbnr. 227/1. Det ligg føre erklæring om legging av anlegg/leidningar på gbnr. 227/1 datert 08.11.15.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå BioDisc minireinseanlegg frå eigedom gbnr. 227/40 m.fl. på følgjande vilkår:

1. Anlegget skal plasserast slik vist på kart datert 09.12.15.
2. Reinseanlegget skal plasserast slik at det kan driftast og vedlikehaldast av godkjend føretak.
3. Det skal dokumenterast at det er inngått serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget før det vert gjeve mellombels bruksløyve/ferdigattest.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf. forureiningslova §7.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4159

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kristin og Øyvind Eikefet

Lilandveien 24B 5258

BLOMSTERDALEN

Mottakarar:

Sigvartsen Design AS

Nordtvetveien 21 0953

OSLO